

# **REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE**

## **TYSDAG 01.02.22 KL.18.00 - 20.00**

Stad: Møterom, personalinngong

Tilstade: Anne Gunn O Slethei (ped.personal), Ola Sotnak(FAU), Einar Erga(pol./skuleeigar), Arian Eshagi (Elevrådsrepresentantar) og Sylvia Gjersdal(rektor)

Forfall: Aina Grude (FAU), Leif Oscar Reiestad (ped.pers), Mette Erga Brunes (anna pers.), John Henrik Utsola (FAU), Bastian Bøylestad (elevrådsrepresentant) og Johanne Harboe (elevrådsrepresentant)

### **SAKLISTE**

#### **Sak 12/21-22 Godkjenning av referatet frå 17.11.21**

Referatet vart godkjent. Merknad: Det mangla oversikt over deltakarar i møte, dette er retta opp.

#### **Sak 13/21-22 Elevundersøkinga 2021**

Gjennomgang av Elevundersøkinga.

Elevundersøkinga viser generelt det same som forrige år, dvs nedgang samanlikna med tidlegare år. Trivsel og motivasjon er lik eller gått litt tilbake samanlikna med 2020, og det var eit år med nedgang frå åra før. Mobbetala har holdt seg stabilt låge også gjennom pandemien.

Drøfting kring resultata.

Info om prosess i personalet. FAU og Elevrådsstyret skal ha prosess etter dette møte. Resultata og skulen si vurdering blir sendt ut.

Driftsstyret tek saka opp att når alle organ har jobba med undersøkinga.

#### **Sak 14/21-22 Foreldreundersøkinga 2021**

Gjennomgang av Foreldreundersøkinga

Svarprosent: 61,4%

1.trinn vann konkuransen, men svarprosenten var jamn på trinna.

Undersøkinga viser at foreldra er nøgde, dei rapporterer høg trivsel og lite mobbing.

Sist foreldreundersøkinga var hausten 2019, resultata er omlag like, litt opp på noko, litt ned på noko, men ingen signifikante endringar frå 2019 eller åra før.

Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga samsvarar altså ikkje heilt, dette kan vere fordi elevundersøkinga kun er for 6. og 7.trinn, mens foreldreundersøkinga er for 1.-7.trinn.

Info om prosess i personalet. FAU og Elevrådsstyret skal ha prosess etter dette møte.

Prosess. Etter at det har vore rundar i Elevrådsstyret og FAU har vi ei oppsummering.

### **Sak 15/21-22 Nasjonale prøvar 2021**

Gjennomgang av nasjonale prøvar og prosessen. Resultata er nokolunde på landsgjennomsnittet. Målet er å vere over snittet, spesielt i lesing og rekning, der vi får 49 poeng, som er eitt under snittet. I engelsk var resultatet 50 peng, som er på snittet.

Drøfting kring resultat.

Viktig å skape interesse og motivasjon, sjå dette i samanheng med resultata frå elevundersøkinga.

### **Sak 16/21-22 Informasjonssaker**

- **Utbyggjing** – kort info. Diverre er det framleis enno arbeid som gjenstår før vi kan ta aulaen skikkeleg i bruk. Klubben og verneombod har og engasjert seg i saka for å støtta rektor i å få fortgang.
- **Økonomi** - Vi har ikkje klare tala for 2021 ennå. Reknar med at 2021 kjem ut i balanse. Budsjett for 2022 er lagt etter same nivå som 2021.

Ramma/timeressurs for neste skuleår er klar, vi auker ressurs med litt over eitt lærarårsverk pga auka elevtal.

### **Sak 17/21-22 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet**

#### **Elevrådet:**

Skal ha talentiade 1.april. Då må aula vere i orden, både lys og lyd!!

Planlegg ein konsert for elevane. Utekonsert?

Etterspør kantinedrift – korleis ligg dette an? Rektor fortel at vi nå snart skal starte opp med kantine to dagar i veka.

Elevrådsmøte nå i februar som Elevrådsstyret planlegg.

#### **FAU:**

Arbeider med å få inn midler til FAU, slik at ein kan ha same aktivitetsnivå som før (reflekskonkurranse etc)

Målformdebatt – FAU har drøfta om det er behov for å ha ein større debatt kring val av målform. Konklusjonen vart at det ikkje var grunnlag for dette.

Leksedebatt er utsett, den kjem opp i KFAU.

**Skulen/SFO:**

Leseprosjekt på heile skulen.

Kjekt med uteområdet på 7.trinn som er ferdig!

Krevjande situasjon ifht fråvær. Koronapandemien i snart to år har gitt slitasje på personalet.

Planlagt arrangement ifht Saman om eit trygt og godt nærmiljø (presentasjon av alle fritidsaktivitetar i aulaen) har ikkje blitt gjennomført pga restriksjonar(korona).

**Hovudutvalet:**

Møte sist torsdag.

Høyringssaka ifht endring av åpningstid SFO, det var delt svar på høyringa, det vart teke mest hensyn til svara frå dei to store skulane. Åpningstidene blir ikkje endra.

SFO i kommunen er blitt styrka med over ein million. Dette skal vere midler for å styrke SFO, ikkje midler som skal brukast til dei som har rett på redusert foreldrebetaling.

Statsforvalter har hatt tilsynsrapport i barneverntenesta.

Ny kommunal plan for skulebibliotek.

Foreldreundersøkinga i barnehagane.

Klepp kommune, 10.02.22

Sylvia Gjersdal

Rektor